# Vekeplan 9. trinn Veke 8 og 10

| LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN: | |
|---|---|
| **Norsk** | • utforska korleis digitale medium endrar kommunikasjonen om aktuelle samfunnsspørsmål<br>• reflektera over korleis ungdom kan delta i samfunnsdebatten<br>• reflektera over reaksjonar når ungdom publiserer meininga si i aviser og på sosiale medium<br>• skriva eit debattinnlegg der du argumenterer og grunngjev meiningane dine |
| **Engelsk** | • reading, writing and speaking about the English-speaking world<br>• use a variety of strategies for language learning, text creation and communication<br>• use different digital resources and other aids in language learning, text creation and interaction<br>• read and use key patterns of pronunciation in communication |
| **Matematikk** | • bruka formlikskap til å løysa praktiske situasjonar<br>• analysera og bruka utforsking og problemløysing i forbindelse med samansette figurer<br>• bruka likningar i forbindelse med problemløysing<br>• bruka Pytagoras-setning og formlikskap i praktiske situasjonar. |
| **Samfunnsfag** | • Kjenne til situasjonen i Noreg i mellomkrigstida.<br>• Reflektere over årsaker til framveksten av ekstreme ideologiar i mellomkrigstida.<br>• Vurdere årsaker til den andre verdskrigen. |
| **KRLE** | • utforska og presentere sentrale trekk ved kristendommen<br>• forklara korleis kristendommen vart sin eigen religion og spreidde seg til heile verda<br>• presentera viktige trekk ved dei store kristne trussamfunna<br>• bruka og drøfte sentrale kristne omgrep<br>• vurdera kritisk ulike kjelder til kunnskap om kristendommen |
| **Naturfag** | • Forklara kva som er meint med omgrepa biologisk kjønn og kjønnsidentitet<br>• Forklara kva seksuell identitet er, og kjenna til ulike seksuelle identitetar<br>• Diskutera korleis kunnskap om kjønnsidentitet og seksuell identitet er viktig for den psykiske helsa vår |

| | |
|---|---|
| | • Gjera greie for kvifor grensesetjing er viktig og diskutera etiske dilemma som er knytte til grensesetjing<br>• Gjera greie for korleis kjønnsorgana er bygde opp, og kva funksjon dei ulike delane har<br>• Forklara kva som skjer i dei ulike stadia av menstruasjonssyklusen |
| **Spansk** | • Perfektum partisipp (fortidsform)<br>• Ordforråd i forhold til fritidsaktiviteter og frekvensord på spansk<br>• Arbeid med verbet IR i forskjellige sammenheng enn futurum (fremtidsform) |
| **Tysk** | • læra om oppfinnarar og oppfinningane deira<br>• kunna presentera ein idé<br>• finna nokre argument for og imot ei sak<br>• kunna bruka presens perfektum<br>• læra om akkusativ og dativ<br>• Førebuing til skriftleg vurdering |
| **Kroppsøving** | • trena på og utvikle ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar knytt til øya-hand koordinasjon (handball) og rom-orientering (turn)<br>• bruke eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverke til framgang for andre |
| **Musikk** | • Spela songar på piano eller gitar. |
| **Mat og Helse** | • Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gjer grunnlag for god helse<br>• Bruka sansane til å vurdera kvaliteten på matvarer, utforska og kombinera smakar i matlaginga og forbetra oppskrifter, menyar og anretning av mat<br>• Laga mat frå norsk kultur og samanlikna og utforska råvarer og matlagingsmetodar som blir brukte i ulike matkulturar |
| **Friluftsliv** | • planleggje og gjennomføra turar til ulike årstid |

| | |
|---|---|
| | • gjere rede for val av rute og leirplass<br>• ferdas trygt og sporlaus, og ta ansvar for seg sjølv og andre<br>• halde orden på og vurdere klede og redskap<br>• forstå og nytte teknikkar knytta til bålfyring, redskap og kart |

## INFORMASJON TIL HEIMEN

**Aktivitetsdag**
Etter ønske frå elevrådet skal elevane få ein mini "aktivitetsdag". I 2 og 3 time på fredag i veke 8, kan elevane velja mellom 4 ulike aktivitetar der dei skal melda seg på ein Forms.

**Vinterferie veke 9**
Veke 9 er det vinterferie. Me ønskjer alle ein velfortent ferie.

**Foreldremøte 9.trinn**
Tysdag 5.mars kl 18.00 skal det vera foreldremøte for føresette på 9.trinn. Me byrjar i aulaen før me går klassevis etterpå.

**Valfag 10.trinn**
På heimesida ligg det informasjon om valfag for neste år. Det ligg og ein link til ein Forms der elevane skal ønske seg valfag for neste år. Det er viktig dei kryssar av for rett klasse, og rangerer ALLE valfaga i ønskt rekkjefølgje. Elevane må svara innan fredag 23.februar.

**Vurderingar**
Torsdag 22.februar skal elevane ha ei naturfagprøve i 6.time, og fredag 8.mars skal det gjennomførast ei kapittelprøve i matematikk. Følg med på vekeinformasjonen for meir informasjon.

**Utviklingsamtalar**
Lærarane vil snart byrja å kalla inn til utviklingssamtalar.

**Olweusundersøkinga**
I veke 8 skal alle elevane på skulen gjennomføra olweusundersøkinga. Formålet med denne er å gi oss som skule informasjon om trivselen og tryggleiken til elevane på skulen.

**Utdanningsval**
I veke 17 (22.-26. april) skal elevane ha utdanningsval-veke. Alle skal hospitere ein dag på vidaregåande skule og alle utanom idrettsfag skal ha 3 eller 4 dagar arbeidspraksis. I dei komande vekene skal elevane skaffe seg arbeidspraksisplass. Den skal vera relevant i høve til det utdanningsprogrammet eleven fordjupar seg i, og gje eleven nye erfaringar. Det er fint om føresette kan hjelpe til med å skaffe arbeidspraksisplass. Elevane har med seg eige skjema med info til arbeidsgjevar.

Helsing oss på 9.trinn

| HEIMEARBEID VEKE 8 | |
|---|---|
| **Norsk** | Du skal planleggje eit debattinnlegg om temaet: ja eller nei til lekser.<br><br>Er du for eller i mot?<br>Kva for argument ville du brukt? Lag to lister: argument for, og argument mot. Bruk eit tokolonnenotat på OneNote |
| **Engelsk** | Read Sasquatch handed to you on Teams. Make sure to use intonation and engagement when you read, and practice mis-pronounciation afterwards. |
| **Matematikk** | **Klasse 9ABCD: Utrekning av ukjende sider, formlikskap, kongruens og analysere samansette figurar**<br>Oppgåveboka s. 89-92, oppg. 2.185, 2.186, 2.187 og 2.189 |
| **Samfunnsfag** | Les Noreg i mellomkrigstida på aunivers.<br><br>Kva var dei største skilnadene mellom Noreg og Tyskland i tida etter den første verdskrigen? Skriv ein kort tekst (omlag 150 ord) på OneNote der du svara på spørsmålet. |
| **KRLE** | Les om den protestantiske kyrkja. Lag eit «Venndiagram» der du samanligner katolsk, protestantisk og/eller ortodoks kristendom.<br>Ha med minst 3 stikkord på kvart område (likskap/skilnad)<br><br>B og D til til Frelsesarmeen siste time onsdag. |
| **Naturfag** | Øv til Naturfagprøve. |
| **Tysk** | ON-Hjemmearneid-Woche 8 |
| **Kroppsøving** | Studentstyrt innegym. Turn/handball. |
| **Musikk** | Me øver vidare på å spele akkordar og dermed songar på piano eller gitar. Øv så mykja at skifte mellom akkordane flyt fint utan at det stoppar opp. Syng til. |
| **Mat og Helse** | **På kjøkkenet:** Hugs innesko og strikk til håret.<br><br>Me skal laga:<br><br>• Meksikansk pai (eige ark)<br>• Quiche lorraine s 92<br>• Blåbærpai (eige ark)<br>• Horn med ost og skinke (eige ark)<br><br>**Teori:**<br><br>Mat og haldbarheit: Kapittel 12 i Matopedia |
| **Friluftsliv** | Møt i 9A sitt klasserom i 5.time. Info om eigentur. Avspasering 6.time. |

| HEIMEARBEID VEKE 10 | |
|---|---|
| **Norsk** | Påstand: Alle norske skuleelevar bør få eitt varmt måltid i løpet av skuledagen.<br><br>Skriv eitt fornuftsargument for påstanden.<br>Prøv å finne eitt ekspertargument for påstanden.<br>Prøv å finne eitt faktaargument eller eit parallellargument for påstanden. Skriv på Onenote |
| **Engelsk** | Write a paragraph or two where you pretend writing a letter to your family from Jamaica, USA or Canada. Use your imagination. Describe language, culture, a creature or anything else which shows that you have paid attention in class. |
| **Matematikk** | **9ABCD: Kapittelprøve på fredag**<br>Grunnboka s. 170 – 172. Jobb med undervegsvurdering 2, bruk målarket til å jobbe med oppgåver du treng å øva meir på. |
| **Samfunnsfag** | Les artikkelen som heiter "Krigen" på aunivers.<br><br>Skriv ned viktig informasjon som du fekk i teksten. Du vel sjølve kva for metode du ynskjer å bruke (faktasetningar, nøkkelord, tankekart, kolonneskjema, illustrasjonar mm.) Du må ha med:<br>• Viktige årstal<br>• Viktige hendingar<br>• Viktige omgrep |
| **KRLE** | Lever fordypningsoppgåva du har fått av faglærar før fristen fredag. |
| **Spansk** | Øv på glosediktat på torsdag. Setninger finn du på ON under gloser |
| **Tysk** | ON-Hjemmearneid-Woche 10; vurdering: veke 11, tysdag |
| **Kroppsøving** | Innegym. Fotball og friidrett. |
| **Musikk** | Me øver vidare på å spele akkordar og dermed songar på piano eller gitar. Øv så mykja at skifte mellom akkordane flyt fint utan at det stoppar opp. Syng til. Ta eit steg vidare: Piano: Snu akkordar + bruk venstrehanda til bass. Gitar: Bruk høgrehanda til å lage tilpassa rytme. |
| **Mat og Helse** | **På kjøkkenet:** Hugs innesko og strikk til håret.<br><br>Me skal laga:<br><br>• Meksikansk pai (eige ark)<br>• Quiche lorraine s 92<br>• Blåbærpai (eige ark)<br>• Horn med ost og skinke (eige ark)<br><br>**Teori:**<br><br>Mat og haldbarheit: Kapittel 12 i Matopedia |

| | |
|---|---|
| **Friluftsliv** | Møt i 9A sitt klasserom i 5.time. Framføring av eigentur. Avspasering 6.time. |

***Bryne ungdomsskule***